



Øystre Slidre kommune

Reguleringsplan for frigiving av kulturminna på Raubrøtmoen industriområde

planID 201904

Planføresegner forslag dagsett 13.03.2019

1 Område for bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

1.1 Næringsbebyggelse (I2-I3)

- a. På områda kan det førast opp bygg for lett industri- eller handverksverksemd med tilhøyrande kontor, lager og garasjeanlegg. Vidare kan det førast opp bygg for forretningsverksemd som driv detalj- eller engrossal av «bearbeidde» produkt.
- b. Området kan delast etter dei behov dei ulike verksemndene har, men likevel ikkje slik at det blir att restareal av for liten storleik eller med for dårlig arrondering til å utnyttast for ei sjølvstendig eining. Parsellane skal ha regelbunden form og ha tilkomst direkte til samlevegen gjennom planområdet.
- c. Saman med delings- og byggeløyve skal det sendast inn plan for utnytting av parsellane. Planen skal vise eksisterande og framtidig terreng, bygg, vegetasjon, vegar, parkerings- og lagerareal.
- d. Maksimalt tillate bebygd areal (BYA) av bygg er 40 %. Utandørs opparbeidde biloppstillingsplassar kjem i tillegg.
- e. Maksimal mønehøgd over gjennomsnittsnivået av det planerte terrenget rundt kvar bygning er 15,0 m.
- f. Grunneigar av området aust for I2 skal ha rett til framkøyring av tømmer over I2, med lett utstyr.

2 Bestemmelsessonar (PBL § 12-7, nr.6)

2.1 Sikre verneverdier i bygningar, andre kulturminne, og kulturmiljø (#1-3)

Sonene med nemningane #1, #2 og #3 gjeld automatisk freda kulturminne, kolgropar med id. 2961192, 2991028 og 2987566. Dei angitte kolgropene kan fjernast utan ytterlegare arkeologiske undersøkingar.